



**MED ♥ FOR
LESJA**

Når det trengs eit kraftløft!

Nærleik til primære kommunale
tenester for alle i Lesja!

Vi trur på Lesja



Åpnet kafé
som ost

LESJA - EIJJA- KOMMUNE!

Lesja har mykje å vere stolt av - mønsterbedrifter med driftige damer i front!

**Positivt driv,
spenst, raushet
og verdsetting
av initiativ skal
være
grunnsteinen i
Lesja-
samfunnet.**

Lesja kommune er ein flott stad å bu - trygge oppvekstkår i eit flott natur- og kulturlandskap med nokre av Noregs beste skular, gode helse- og omsorgstilbod, rikt kulturliv – eit levande lokaldemokrati.

Grunnlaget for å oppretthalde dei gode levekåra, er folketalet. Dette har stupt til under 2000 i innværande valperiode. Vi veit at det blir tøffe tak og hardt arbeid å snu utviklinga dei neste fire åra. Det er politikaranes fremste oppgåve å lage rammer for dette!

formet



Kvinneforening! – Nei, her skraver kara mer enn oss, smiler lønns- og personalansvarlig Åse Britt Storhaug Von Rappe, daglig leder Ann-Kathrin Storhaug Von Rappe og kontorleder Marie Storhaug Nyløkken. Foto: Gutorm Tynes

«Kjerringene» styrer Lesja Bulldozerlag

Sist oppdatert 04.03.19, Publisert 04.03.19

Av Gutorm Tynes

Tre damer har full kontroll på det meste i Lesja Bulldozerlag. Bedriften har hatt svært god utvikling etter at Ann-Kathrin Storhaug Von Rappe (t) ble daglig leder for tre år siden. I 2017 omsatte

Lesja Høgre meiner at skaping og sikring av stabile og gode arbeidsplassar i nærmiljøet, tilrettelegging for bygging av eigen bustad, gode oppvekstkår for ungar, eit inspirerende vaksen- og eldremiljø, er viktigaste faktorane for å auke folketalet.

Mykje kan og skal gjerast i Lesja - både politikarar og administrasjon skal i samarbeid med innbyggjarane gjera Lesja til JA-kommune. Ei kraftsatsing på næringsutvikling i privat sektor er derfor Lesja Høgre si fremste kampsak for kommunevalet

2019, kombinert med tryggelik for nærleik til primære tenester for barn og eldre for alle som bur i Lesja!

Ikkje alt kan gjerast heime i Lesja - det krev hardt arbeid, politisk verksemd og påverknadsarbeid, både i høve til sentralpolitikken og eksterne næringsmiljø, å få dei rammene vi treng for vekst.

Lesja Høgre har det beste politikarlaget for å sikre det viktige arbeidet som trengs både heime og ute for å nå måla!

VÅRE TOPP- KANDIDATAR

1



Hanne Alstrup Velure

Fødeår: 1963

Bustad: Bjorli

Hjertesaker:

- Distrikta og deres utvikling - næring!

- Lokaldemokrati, lokal sjølvråderett

- Det gode livet i nærmiljøet fra vugge til grav. Vi må forplikta oss på desentralisert struktur!

2



Kristin Nyhagen

Fødeår: 1969

Bustad: Lora

Hjertesaker:

- Viktigaste grunnlag for busetnad er at vi har arbeid. Pri ein er næringsutvikling!

- Ta i bruk nye løysingar på fellesoppgåve som sentraliserast; t.d. helse, skatt og politi.

3



Aslak Enstad

Fødeår: 1967

Bustad: Bjorli

Hjertesaker:

- Næringsutvikling - ta vare på det vi har og leggje til rette for ny. Våge å tenkje nytt!

- Skule og eldreomsorg gir tryggleik, attraktivitet utvikling i heile Lesja.
- Grep om økonomien.

4



Anna Storhaug Nyløkken

Fødeår: 1989

Bustad: Lesja

Hjertesaker:

- Kvalitet på tenester for unge og eldre.
- Ta grep om den økonomiske styringa.
- Næringsutvikling - leggje til rette for dei som tørr å satse og tenkje nytt. Sei JA!
- Lokal råderett!

5



Thor Gerner Holager

Fødeår: 1944

Bustad: Lesja

Hjertesaker:

- Eldresaka
- Vidaregåande skule på Dombås.
- Privat eigedomsrett
- Mindre statleg styring og forvaltning.
- Eit moderne landbruk med mindre regulering.

6



Anne Gro Veseth

Fødeår: 1976

Bustad: Lesjaskog

Hjertesaker:

- Trygge og gode oppvekstkår for barn og unge - barna er vår framtid og må bli sett og hørt!
- Nulltoleranse for mobbing - vi vaksne må vere gode rollemodellar!
- Alle er unike; ulikheiter er naturleg!



ORDFØRARKANDIDATEN VÅR: (5.plass på fylkestingslista)

Hanne Alstrup Velure

Fødd 1963 i Danmark. Budd på Bjorli sidan 1986. Utdanna lærar frå Hamar Lærarhøgskule og gått sjukepleiarskulen i Danmark. Mange år som sjølvstendig næringsdrivande innan reiselivs- og entreprenørbransjen.

3 periodar i kommunestyre og formannskap, ein periode som varaordførar. Frå mai 2014 landsmøtevald sentralstyremedlem i Høgre. Frå 2018 leiar i Utmarkskommunenenes Sammenslutning (USS). Styremedlem i Lesja Fjellstyre, Fjell-Forsk-Nett, Norsk Fjellmuseum. Medlem av lovutvalget som har laget forslag til ny fjellov. Andre sentrale verv.

Hjertesaker: Distriktpolitikk - Lokal næringsutvikling, lokal råderett, rovvilt, utmarksforvaltning, planarbeid, skule, helse og omsorg.

Nokre politiske meritter:

- Gjennomslag for Lesjas interesser i regionalplanen.
- Sterk pådrivar for endring av rovviltpolitikken og forvaltninga av denne. Fikk USS med i konsultasjonsordninga med Klima- og Miljødep. Og Landbruks- og Matdep.
- Arbeid for mindre statleg innseiing.
- Arbeid for lokale interesser i verneplanprosessen for Hjerkinnskytefelt – elles hadde alt vært tilbakeført.
- Initiativtakar til og medlem av AU for Høgres distriktsnettverk.
- Gjennomslag på Høgres Landsmøte i 2015 for at partiet skal ha eigen fjellpolitikk.



GLEDE: Ordfører Ole Martinussen gleder seg over at det er gitt karensjon for utbygging av Fosdals. Rødgrønne ordførere som han, Markan Skotte og Arne Fosdals presenterte bidrag som Hanne Velure og Morten Erlend Johansen.

Rødgrønne ordførere bør juble for blå ambassadører

Stolt over å representere Bunads-Høyre

– Hva er det som har fungert i mange, mange generasjoner og som gjør at Norge ser så flott ut som det gjør i dag? Jo, det er det lokale folkestyret, sier Hanne Alstrup Velure.

– Åpner for utvikling i Lesjadalsfjøret

Å bestemme hvordan grensene for vern av viltrein skal se ut på Dovrefjell har ikke vært lett. Tirsdag la statsråd Jan Tore Sanner fram sin beslutning i salen.



GLAD: Hanne Alstrup Velure.

Jølle Skotte
Ordfører i Fosdals
Sanner er glad for at kommunene som er berørt av beslutningen har vært med på å bestemme hvordan grensene for vern av viltrein skal se ut på Dovrefjell. Han er glad for at kommunene som er berørt av beslutningen har vært med på å bestemme hvordan grensene for vern av viltrein skal se ut på Dovrefjell.

GLAD: Hanne Alstrup Velure.
Ordfører i Fosdals
Sanner er glad for at kommunene som er berørt av beslutningen har vært med på å bestemme hvordan grensene for vern av viltrein skal se ut på Dovrefjell.



STREKT: Kommunalt og medlemsorganisasjon Jan Tore Sanner (H) presenterte tirsdag sin beslutning om hva grensene for viltvern skal se ut på Dovrefjell.

Vilje til samarbeid på tross av ulike synspunkter
Sanner er glad for at kommunene som er berørt av beslutningen har vært med på å bestemme hvordan grensene for vern av viltrein skal se ut på Dovrefjell.

Stolt over å representere Bunads-Høyre
Sanner er glad for at kommunene som er berørt av beslutningen har vært med på å bestemme hvordan grensene for vern av viltrein skal se ut på Dovrefjell.

Stolt over å representere Bunads-Høyre
Sanner er glad for at kommunene som er berørt av beslutningen har vært med på å bestemme hvordan grensene for vern av viltrein skal se ut på Dovrefjell.

Stolt over å representere Bunads-Høyre
Sanner er glad for at kommunene som er berørt av beslutningen har vært med på å bestemme hvordan grensene for vern av viltrein skal se ut på Dovrefjell.

Stolt over å representere Bunads-Høyre
Sanner er glad for at kommunene som er berørt av beslutningen har vært med på å bestemme hvordan grensene for vern av viltrein skal se ut på Dovrefjell.



700.000 kroner samlet inn

Auka sjølvråderett og lokal forvaltning er basisen for lokal utvikling!


Politisk leing si fremste oppgave er å arbeide for best moglege rammer for innbyggjarane. Lesja Høgre vil styrke den einkilde si moglegheit for å bestemme over eige liv og setje enkeltmenneske sitt behov i sentrum når det gjeld kommunal og statleg tenestetilbod. Mindre offentleg innblanding i folk sin kvardag.

Lesja Høgre vil:

- at lokale reglar og forskrifter som forkludrar folks kvardag skal fjernast.



King som nær grunns for viltområde med Lågen og Rauma i Lesja skal gå. Det har store betyngningar for viltstagen i Rauma-området. NTB Scanpix



RAUM. Dette kartet viser viltstagen i Rauma-området og medlemsstasjonene på Rauma. Det er ei utvinningsplan som skal ut. NTB Scanpix



RAUM. Dette kartet viser viltstagen i Rauma-området og medlemsstasjonene på Rauma. Det er ei utvinningsplan som skal ut. NTB Scanpix

n til ulverettssak

Vi arbeider hardt for lokal næringsutvikling og råderett - forvaltning av både rovvilt og areal skal baseres på lokal kunnskap og erfaring.

- praktisere konsesjonsreglane likt og respektere det eigar av gard, jord og skog ynskjer å gjera med bruket sitt.

- arbeide for frådelingsrett på gardsbruk til hyttetomter i heile Lesja. Dette vil gi gardbrukarane fleire bein å stå på.

- arbeide sterkt sentralpolitisk for å sikre at ny fjellov som snart skal behandlast sikrar lokal forvaltning og styrking av fjellstyra som forvaltar og oppsynsmynde. Ordførarkandidaten vår satt i

lovutvalet og vil følge opp vidare.

- jobbe aktivt politisk og administrativt i høve til sentrale styresmakter for å fremje forståinga for at ein for restriktiv vernepolitikk øydelegg for næringsutvikling og dermed busetting i Lesja.

- fortsetja å arbeide aktivt sentralpolitisk for å byggja opp ein næringsvenleg rovdyrpolitikk med lokal forvaltning som sikrar beitedyrnæringa vekst.

Næringsutvikling - Lesja Høgre vil ha handling innanfor berekraftige økonomirammer!

Næringsutvikling er og blir viktigaste arbeidsområde for å sikre sysselsetting og vekst i folketalet og dermed skatteinntekter til drifting av kommunen.

Mykje kan gjerast sjølv om det økonomiske handlingsrommet er sterkt redusert komande valperiode. Arbeidet mot sentralt hald og nasjonal transportplan må prioriterast for å få statlege midlar til ferdigstilling av gang- og sykkelvegen fram til fylkesgrensa - det er er eit av dei viktigaste nærings- og samstundes trafikktryggleikstiltak.

Lesja Høgre vil:

- fortsetja å jobbe for berekraftig hyttebygging i heile kommunen og støtte alle lokale initiativ.
- at handlingsrommet i konsesjonsloven på gardsbruk nyttast til fulle.
- at seter på gardsbruk kan delast frå slik at gardsbruket og jorda kan omsetjast fritt.
- at kommunen jobbar aktivt mot

potensielle tilflyttarar – ikkje minst hytteeigarar.

- at Bjorli bør være eige merkevare!
- stimulere til privat bygging av leilegheiter for både sal og utleige.
- gje grunnfinansiering til bygging ved langsiktig kommunal leigeavtale til kommunale bustader, også til eldrebustader.
- arbeide aktivt for utvikling av lokal småkraft- og vindkraftproduksjon - grunneigaranes sjølvråderett står sentralt!
- stimulere til auka avverke og foredling av skogen.
- bidra til eige servicekontor for hytteeigarar og turistar på Bjorli.
- ha snøscooterløyper der grunneigarar er einige i etablering.
- arbeide for breiband med høg hastigheit gjennom heile kommunen.

SÆRLEG VIKTIG ER.....



God næringspolitikker viktigaste arbeidsområde for å gi inntekter til kommunale tenester!

- 1. Kommunen skal ha JA-haldning - alltid positiv innstilling som utgangspunkt til private tiltakshavarar og utvikling!**
- 2. Ordføraren si fremste oppgåve er å fokusere på lokal nærings- og folketalsutvikling – alltid!**
- 3. Gang- og sykkelvegen skal ferdigstillast til fylkesgrensa innen 2025!**
- 4. Utnytte moglegheitene det gir at heile Lesja-dalføret blei utviklingszone og Dalsida buffersone ved vedtak av regionalplanen.**
- 6. Kommunen nyttar enda meir av naturressursane på fornybar utvikling (vann, vind og sol) – det gir inntekter.**
- 7. Meir aktiv profilering og marknadsføring av kommunen mot investormarknaden.**

ØKONOMI - vi skal spare - men meir inntekter via næringsutvikling er minst like viktig!

Lesja kommune har ein meir krevjande økonomisk situasjon enn nokon gang. Fleirtalet i kommunestyret vedtok denne perioden ein pengebruk utan å finne inndekning. Høgre stemte imot.

I tillegg til ei historisk høg gjeld vil kraftinntekter frå Eidefoss reduserast dei neste åra. På grunn av sterkt redusert folketal går skatteinntekter og rammetilskot frå staten også ned. Det er komande kommunestyre si viktigaste oppgåve å få økonomien i balanse og unngå ROBEK (statleg administrasjon). Ein må ha ei langt sterkare og meir målretta økonomistyring i komande kommunestyreperiode.

Eigedomsskatt har vi diverre ikkje fått velja sjølv men tvingast mest sannsynleg til å innføre. Lesja Høgre er imot eigedomsskatt - ein usosial skatt som må betalast uansett inntekt. Ein skatter av pengar ein allereie har skatta av ein gong.

Uansett må det gjerast alt som er mogleg for å auke inntektene og få ned driftskostnadene. Det trengs skikkelege krafttak!

Landbruket er ein viktig næringspilar i Lesja. Det gir ringverknader til andre sektorar - foredling, bygg og anlegg, handel og service. Talet på sysselsatte i landbruket går ned med teknologisk utvikling og større bruk.

I Lesja har vi nå meir enn dobbelt så mange hytter som fastbustader. Det gir enda meir ringverknader til andre sektorar. Hyttefenomenet er eit viktig lim mellom bygd og by og Lesja har alle føresetnader for å i langt større grad nyttiggjere seg hyttefolket som vekststressurs.

Reiselivet er ein tredje pilar - som saman med landbruk og hyttefenomenet gir Lesja eit unikt vekstpotensial. Det må stimulerast enda meir til samarbeid vestover enn i dei seinare åra.

På sparesida må vi sikre betre balanse mellom offentleg og privat sektor. Skattekrone frå privat sektor er ein føresetnad for berekraftige velferdstenester. Privatisering av noko kommunal drift - f.eks.vaktmeister, reinhald og plantenester, gjer det enklare å skalere tenester etter behov.



Lesja Høgre vil:

- Ingen større investeringar utan at inndekkning blir vedteke samtidig, og slik at resultatgraden er minimum 3%.

- viss vi er tvinga å innføre eigedomsskatt på bustader, ha ei frigrense på 1 mill. kr. for å skjerme dei som har dårlegast råd – og fjerne skatten att innan same periode viss økonomien er i balanse att.

- gjennomå kommunal eigedomsporfølje mtp. sal. Det er ikkje ei kommunal oppgåve å forvalte eigedom.

- involvere og gi hytteeigarane i Lesja medansvar i utvikling av heile kommunen, og økonomisk.

- vurdere meir privatisering i kommunal drift - f.eks. vaktmeister, reinhald og plantenester - og vere positive til private initiativ!

Fikk sitt drømmested i julegave



Faksimiler fra GD – desember 2017 og juli 2019.

BARN OG ELDRE - Gode og nære tenester på barnehage, skule og eldresenter er ein folkerett for alle i Lesja!

Eit godt utdannings- og kompetansenivå er ein føresetnad for å oppretthalde og vidareutvikle verdiskapinga og dermed vårt høge velferdsnivå. I vår langstrakte bygd må ein ha tenester for barn og eldre både i aust og vest. Særleg fokus trengs på rekruttering til yrkesfag. I botn ligg eit absolutt krav om at alle i Lesja kommune føler seg trygge på rask hjelp i form av god akuttberedskap.

Aktive eldre er ein viktig ressurs for Lesja-bygda og gir god folkehelse – eldre og frivillugheit må få bidra enda meir til bygdas sosiale liv!

Sine og Rune bor tre timer unna sykehuset i Lillehammer: Slik gikk det



Lesja Høgre vil:

- fortsetja det gode arbeidet som blir gjort på skule og oppvekst. Asolutt nulltoleranse for mobbing!
- ha yrkesfag som valfag i grunnskolen og jobbe aktivt for å styrke yrkesfaga i vidaregåande skule.
- stimulere til fleire lokale lærlingbedrifter.
- ha 3-årig vidaregåande skule på Dombås – sondere moglegheiter for omgjering til privatskule.
- ferdigstille og vidareutvikle frivilligsentral med m.a.

eldreaktivitet.

- ha «Meiråpent bibliotek» (tilgang utanom vanleg opningstid) på skulane.
- kommunal tilrettelegging av sentralt liggjande eldre- og omsorgsbustader
- ha Eldres senter på Lesjaskog.
- arbeide for å styrke akuttberedskapen i heile Lesja.
- ha samarbeid over fylkesgren om tenester til innbyggjarane i Lesja vest dersom det høver best.
- at gang- og sykkelvegprosjektet skal fullførast og siste etappen fram til fylkesgrensa byggjast innan 2025.

Eit lokalval handlar ikkje berre om det som skjer i eigen kommune, men i høgste grad også om det som skjer i samband med resten av Norge og verda. Kommunereform, klima og miljø og andre overordna politiske tema må sjåast i lokaldemokratisk perspektiv - vi må tenkje nytt, tenkje heilskapleg nasjonalt og globalt og handle lokalt!

KOMMUNEREFORM

Kommunereformen fortset uansett kva politisk leiing vi har og får, og om ein likar det eller ikkje. I Innlandet er ikkje ei einaste kommunesamanslåing vedteke sjølv om mange innlandskommunar er godt under 3000 innbyggjarar. I Lesja er dei fleste tenester nå overført interkommunalt eller regionalt samarbeid. Kommunepolitikarane sit med ansvaret men ikkje styringa lenger. Styringa av kommunale tenester må tilbake til politikarane i eigen kommune. Difor er tida overmoden for kommunesamanslåing.

Økonomien i Lesja er ikkje berekraftig og langsiktige tiltak krevjast. Enten må ein endre lokalisering og organisering av primære tenester for barn og eldre, eller ein må endre på politisk og administrativt nivå.

Kommunereforma fortset uansett om ein liker det eller ikkje. Statlege

incentiv er eingongstilskot på 25 mill. kr. og lovnad om same totale rammetilskot som samanslåtte kommunar nå får kvar for seg, i 15 år framover. Lesja Høgre bryr seg om vekst og utvikling og desentralisert tenestestruktur i Lesja, ikkje kvar kommunegrensa går. Dei viktigaste tenester er allereie lagt i interkommunale samarbeid, men Lesja-politikarane som har det formelle ansvaret har ikkje styring med økonomi og kvalitet.

Lesja Høgre vil:

- slå Lesja saman med Dovre
- revidere eksisterande intensjonsavtale for å forplikta ny kommune på desentraliserte tenester:
 - det skal være barnehagetilbod, skule og bustadtilbod for eldre med mindre enn 25 km reiseavstand for alle i Lesja-Dovre kommune.
- ha mindre ressursbruk på administrasjon og meir på tenester innan skule og eldreomsorg.
- styrke arbeid med næringsutvikling.
- maksimal responstid på blålys!
- ferdigstilling av gang-sykkelvegen i nordvest til fylkesgrensa.

KLIMA OG MILJØ

Lesja er ei utmarkskommune og svært rik på naturressursar og areal. Det ligg store potensielle verdiar i foredling av både vatn, vind og sol og samstundes bidra til betre klima. Vi må ta på alvor barn og ungdom sitt store engasjement for klima- og miljøsa og dei langsiktige nasjonale og internasjonale klimamål. Arbeid med dette må gjerast med basis i lokal forankring og aksept for nødvendige tiltak.

Ca. 20 prosent av dei nasjonale klimagassutslepp er knytt til kommunal verksemd. Derfor må lokalpolitikarar vere meir medvetne ansvaret sitt for å redusere utslepp.

Lesja er med i Utmarkskommunenenes Sammenslutning USS, Landsforeningen av Vasskraftkommuner LVK og gjennom desse organisasjonar i den store paraplyorganisasjonen Naturressurskommunene. Desse arbeidar for at verts-kommunen skal få si rettmessige del av den naturressursbaserte verdiskapingen.

Lesja Høgre ynskjer å sondere moglegheitene for utvikling av meir fornybar energi. Det er ein klar føresetnad at det er lokal einigheit om og aksept for utbygging og kommunen skal sitje att med sikre, langsiktige inntekter.

Lesja Høgre vil:

- nytte FNs 17 berekraftmål i utforminga av ny kommuneplan; dette skal skje i tett dialog med innbyggjarane og hyttefolket.
- arbeide for at Lesja får betre miljøtilstand i Aursjøen og meir økonomisk utbyte av vasskrafta gjennom Aura-revisjonen.
- sondere moglegheitene for utvikling av meir vasskraft med skånsom utbygging, vindmøllepark og/eller solcellepark.
- setja miljøkrav i alle innkjøpa til kommunen - minst 50% av kommunebilene bør være el-biler.
- støtte opp om regionale tiltak for å få meir gods over frå veg til jernbane.
- styrke kollektivtransporten. Lesja skal delta aktivt i Lyntogforum.
- jobbe for statleg medfinansiering og undersøke moglegheitene for råd og stønad frå Kommunalbanken til miljøprosjekt.
- jobbe for å redusere matsvinnet i kommunen, både i offentlege institusjonar og private husstander.
- installera solenergi på fleire kommunale bygg viss mogleg.

KANDIDAT- LISTA

1. Hanne Alstrup Velure, 1963,
Bjorli (sjølvstendig næringsdrivande,
lærarutdanna)

2. Kristin Nyhagen, 1969,
Lesja (regnskapsfører)

3. Aslak Enstad, 1967,
Bjorli (bonde, sjølvstendig
næringsdrivande)

4. Anna Storhaug Nyløkken, 1989,
Lesja (prosjektleder, bygg og anlegg)

5. Thor Holager, 1944,
Lesja (pensjonist, bonde og advokat)

6. Anne Gro Veseth, 1976,
Lesjaskog (sjølvstendig
næringsdrivande)

7. Jonas Brøste Velure, 1997,
Bjorli (IT)

8. Solfrid Marie Nylend Lien, 1974,
Lesjaskog (allmeningsstyrar)

9. Hans Bjørner H. Norderhus, 2001,
Lora (skuleelev)

10. Lene Sveen Gullhav, 1984,
Lora (fagarbeidar)

11. Kjell Jon Nyløkken, 1963,
Lesja (sjølvstendig næringsdrivande,
transport)

12. Åse Britt Storhaug v. Rappe, 1972,
Lesja (HMS-KS-leiar, bygg og
anlegg)

13. Magnar Velure, 1954,
Bjorli (sjølvstendig næringsdrivande,
bonde og reiseliv)

14. Anders Norderhus, 1969,
Lora (sjølvstendig næringsdrivande)

15. Bengt Flagestad, 1959,
Lesja (bonde)

16. Ann-Kathrin Storhaug von Rappe,
1967,
Lesja (sjølvstendig næringsdrivande,
bygg og anlegg)

17. Kristian Flagestad, 1984,
Lesja (bonde og byggmeister)

**HUGS OGSÅ Å STEMME PÅ
FYLKESTINGSLISTA –
HANNE ER NR: 5 PÅ HØGRE-LISTA!**



Tommel-opp for utvikling i Lesja!



Stem Høgre

Vi vil gjere Lesja ...

- Litt sprekare
- Litt meir positiv
- Litt meir morosam å leva i

Lesja Høgre
v/ Hanne Alstrup Velure
www.facebook.com/lesja.hogre/

hannev@online.no
+47 92 43 21 00

